

SAMTYKKE

Samtykke er eit viktig grunnlag for tverretatleg samarbeid. Felles for alle yrkesgrupper og tenester er at teieplikta vert oppheva ved samtykke, så langt samtykke gjeld. Tilsette skal ikkje spreie opplysningar i større utstrekning enn naudsynt, sjølv om lovene opnar for kommunikasjon på nærare vilkår.

Ved å drøfte saker anonymt, vil ikkje teieplikta bli til hinder for samarbeid på tvers av etatane. Men vi skal vere merksame på at i små lokalsamfunn kan det vere vanskeleg å skjule barnet/ungdommen sin identitet. I slike høve gjeld teieplikta, sjølv om namn ikkje er nemnt.

I visse høve kan det gjere seg gjeldane så tungtvegande interesser at teieplikta må vike. Dette kan til dømes vere tilfelle der liv og helse står på spel.

Krav til eit samtykke

- + Det bør vere skriftleg eller på ein anna måte som kan dokumenterast**
- + Munnleg samtykke må bli nedteikna skriftleg**
- + Det må gis ved ein aktiv handling**
 - Den enkelte må foreta ei handling, som til dømes klikke på ein knapp, hake av i ein boks eller skrive under på eit skjema. Passivitet utgjør ikkje eit gyldig samtykke.
- + Det må vere gitt frivillig**
 - Eit samtykke er ikkje gyldig om det føreligg press for å samtykke eller dersom det oppstår negative konsekvensar dersom man ikkje samtykker.
- + Det må vere klart og tydeleg**
 - Det må vere klart kva den enkelte samtykker til, ein må samtykke til eit klart og presist formulert formål.
 - Kor lenge eit samtykke varer kjem an på kva ein har bedt samtykke til. Spesifiser kor lenge eit samtykke er tiltenkt å vare når ein ber om det.
- + Det må vere informert**
 - Eit samtykke er berre gyldig dersom ein veit kva det samtykkes til, og konsekvensane av dette. Verksamheita må bruke eit klart, enkelt og forståeleg språk som målgruppa forstår.

- ✚ **Bør vere veloverveid-** den som skal samtykke må få anledning til å tenke seg om.
- ✚ **Det skal vere like enkelt å trekke tilbake eit samtykke, som å gi eit samtykke.**
 - Det vert anbefalt å minne den enkelte på undervegs at dei har gitt samtykke og at det kan trekkast tilbake.
- ✚ **Samtykket må vere gitt av rett person.**
 - Hovudregelen er at det er den opplysningane gjeld, som kan gje samtykke.

Samtykkekompetanse

- ✚ For at samtykket skal vere gyldig, må den som samtykker ha samtykkekompetanse. Om det er foreldra eller barnet sjølv som har samtykkekompetanse, vil avhenge av barnet sin alder, modning og situasjon. Foreldre samtykker på vegne av barnet.
- ✚ Barn over 15 år har sjølv rett til å gi samtykke i skulesamanheng. Etter opplæringsloven § 15-6 har barneverntenesta rett til å ta ein rekke avgjersle på vegne av barnet når barneverntenesta har overtatt omsorga. Dette inkluderer samtykke på vegne av barnet i staden for foreldra.
- ✚ Når barneverntenesta har omsorga for eit barn, kan barneverntenesta gi opplysningar til skulen som er nautsynte for at skulen skal kunne følge opp barnet på ein best mogleg måte. Relevante opplysningar kan vere informasjon om fosterforeldra, om barnet sin bustad, og andre opplysningar som skulen treng for å ta vare på barnet best mogleg i skulesituasjonen.

Skjema for samtykke

Kjelder:

Helsepersonelloven § 33: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64#KAPITTEL_5

Opplæringsloven § 15-6: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_17#KAPITTEL_17

Datatilsynet om «Samtykke»: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/veiledere/veileder-om-behandlingsgrunnlag/samtykke/>

Bufdir om «Informert samtykke»:

https://www.bufdir.no/Barnevern/Skoleveileder/Taushetsplikt_og_samtykke1/

Sist oppdatert juli, 2019